

Zachariassen, K. (2026). L  rarutdanninga i Troms   feirar seg sj  lv: Fire jubileum og ein kakefest. I S. Skr  vset, A. Strandbu, J. Breivik, J.-H. Schultz & S. S. Madsen (Red.), *L  rere bygger samfunn: 200   r med l  rerutdanning i nord* (s. 101–122). Fagbokforlaget. <https://doi.org/10.55669/oa701004>

4

L  rarutdanninga i Troms   feirar seg sj  lv

Fire jubileum og ein kakefest

Ketil Zachariassen

Innleiing

Eit jubileum fortel mykje om korleis ein institusjon forstår seg sjølv og si rolle i samfunnet. Dette gjeld ikkje minst for utdanningsinstitusjonar som Tromsø lærerskole. Eit jubileum fortel også om korleis omverda forstår skolen sitt samfunnsoppdrag. Kva rolle har utdanninga og dei lærarane som er utdanna hatt i samfunnet? Korleis inngår skolen i samfunnsveven lokalt, regionalt og nasjonalt?

I 1926 feira Tromsø Lærerskole sitt 100-årsjubileum. Sidan da har Norges eldste lærarutdanning markert sine jubileum kvart 25. år. Ved å undersøkje korleis desse jubileuma har vore feira, tematiserer kapittelet korleis utdanningsinstitusjonen sjølv, og omverda, har forstått samfunnsoppdraget sitt, og korleis dette har endra seg over tid. Utdanning av samiskspråklege, og etter kvart kvenskspråklege, lærarar var eit særskilt samfunnsoppdrag lærarutdanninga fekk av styresmaktene. Dette legitimerte lenge institusjonen si eksistens og gjorde lærarskolen til noko eigenarta i norsk lærarutdanning. Kapittelet kastar lys over lærarutdanninga sin posisjon i det framveksande kunnskaps-samfunnet og lærarskolen som kunnskapsinstitusjon.

Sommaren 1926 var det arrangert ei stortilt markering av 100-årsjubileet til Tromsø Lærerskole. Over to dagar blei den eldste offentlege lærarutdanninga i Norge og den fremste utdanningsinstitusjonen i landsdelen feira. Til stades var den nordnorske eliten saman med meir enn 250 lærarar, dei aller fleste tidlegare elevar.

Lærarutdanninga har lang tradisjon for å markere sine jubileum. Første gong i 1876, da *Tromsø seminar* kunne feire «halvhundreaarsfest», og deretter 75-årsjubileet i 1901, året før institusjonen fekk nytt namn – *Tromsø offentlege lærerskole*.¹ 100-årsjubileet i 1926 er startpunktet for dette kapittelet, som deretter ser på korleis lærarutdanninga kvart 25. år har markert sine jubileum fram til det kommande jubileet i 2026.

125-årsjubileet blei utsett eitt år og slått saman med innviinga av den nye lærarskolen på Mellomvegen sør på Tromsøya i 1951. Ved 150-årsjubileet i 1976 var Tromsø nyleg blitt universitetsby, og ein ny lov om lærarutdanning

1 J. Killengreen (1876): *Beretningen om Tromsø Seminarium meddelt ved Seminarets halvhundreaarsfest den 7de februar 1876*. Just. K. Qvigstad (1901): *Udsigt over Tromsø seminariums historie 1826–1901*.

hadde året før gjort lærarskolar til høgskolar og elevane til studentar. I 2001, da lærerutdanninga var 175 år og blitt del av *Høgskolen i Tromsø*, rann jubileet nærmast ut i sanden. Annleis er det med det kommande 200-årsjubileet i 2026. Lærerutdanninga, som no er del av UiT Noregs arktiske universitet og som driv lærerutdanning på fleire av universitetet sine campus og studiestader, skal igjen feire seg sjølv og lærarane dei utdannar.

På kva vis har lærerutdanninga markert sine jubileum? Korleis har institusjonen sett på seg sjølv og samfunnsoppdraget sitt ved dei ulike jubileuma? Og korleis har omverda sett på lærerutdanninga og lærarane dei utdannar, og korleis har lærerutdanninga si rolle i samfunnsveven – lokalt, regionalt og nasjonalt – vore forstått?

Kapittelet tek utgangspunkt i jubileuma, i lærerutdanninga si eiga feiring av eigen institusjon og omverda, og primært dei nordnorske avisene si omtale av markeringane. Målet er å få fram endringane i synet på skolen og på lærerutdanninga over tid, og slik vise korleis synet på lærarane og lærarane sitt samfunnsoppdrag har endra seg dei siste hundre åra.

Eit nordnorsk kultursentrum, 100-årsjubileum

Det var stor festivitas da Tromsø lærarskole, den fremste kunnskapsinstitusjonen i Nord-Norge, markerte sitt 100-årsjubileum. Sjølve 100-årsdagen var 7. februar 1926, men for at flest mogleg skulle ha høve til å vere med på feiringa, blei jubileet lagt til dei første dagane av juli. I samband med markeringa vart det publisert eit eige illustrert jubileumsskrift, *Beretning om Tromsø offentlige lærerskole 1826–1926*. Det inneheldt ein historisk gjennomgang av skolens virke, skrive av skolens rektor Karl Johan Barlindhaug, samt tidlegare elevar sine minne frå tida ved lærarskolen og nokre meir faglege artiklar om mål og midlar i lærerutdanninga.²

Sjølve 100-årsfeiringa starta med festgudsteneste i Tromsø domkyrkje, leia av biskop Johan Støren. Deretter følgde eit omfattande festprogram. Rektor

2 Karl J. Barlindgaug (1926): *Beretning om Tromsø offentlige lærerskole 1826–1926*.

Barlindhaug heldt føredrag om skolen si historie, før det var omvising i utstillingane til Tromsø Museum. Vidare heldt overlærer Jakob Lohte føredrag om «Kjærlighet til barna», og lektor dr. Ole T. Grønlie om «Geografien i skolen». Seinare på ettermiddagen var det oppvising i kvinnegymnastikk med musikk, før kvelden blei avslutta med besøk på Geofysisk institutt eller kameratsleg samvere for dei som heller ønskte det. Neste dag heldt Erling Kristvik føredrag om «Lærartypene gjennom tidene». Kristvik, som var skoledirektør i Troms, hadde i sju år, frå 1915 til 1923, vore lærar ved lærarskolen. I tiåra før og etter andre verdskrigen var Kristvik ein av dei mest toneangivande norske pedagogane og stod bak fleire av dei mest brukte lærebøkene i pedagogikkfaget på lærarutdanningane. Den som fekk æra av å avslutte rekkja med føredrag, var rektor Just K. Qvigstad, tidlegare kyrkjeminister, Norges leiande lappolog og skolens rektor frå 1883 til 1920. I føredraget «Folkeskolens grunnleggelse i Tromsø stift» trekte Qvigstad dei lange historiske linene til skolen i landsdelen. På ettermiddagen var det festmiddag for 260 personar på Alfheim med talar og opplesing av helsingstelegram, før det heile blei avslutta med song og musikk. Svært mange av deltakarane var tidlegare elevar ved skolen og no lærarar rundt om i landsdelen.

Feiringa av lærarskolen blei omtala i byens avisar både før, under og etter sjølve jubileet, med referat av føredraga, talane og telegramma. Når ein les programmet og referata, er det påfallande at berre ein av dei offisielle talarane, Qvigstad, tok opp tilhøvet mellom Lærarskolen og landsdelen. Rektor Barlindhaug trekte i si tale fram kva skolen hadde betydd for Tromsø by og korleis skolen bidrog til den nasjonale voksteren, men han sa lite eller ingenting om kva utdanninga hadde hatt å seie for landsdelen. Tromsø lærarskole nytta feiringa av 100-årsjubileet til å bygge opp under og styrke skolen som nasjonal utdanningsinstitusjon. Det var i tråd med tradisjonen i norsk skole og i samsvar med lovar og instruksar for skolen og lærarane sitt virke: Å bygge opp norsk språk og kultur. Ei oppgåve svært mange av lærarane identifiserte seg med.

Eit anna døme på korleis skolen situerte seg sjølv og lærarutdanninga, var telegrammet som, på oppmoding frå rektor Barlindhaug, blei sendt frå festdeltakarane til det kongelegge slott i høve kronprins Olavs 23-årsdag: «Kongefamilien, Oslo. Samlet til fest i anledning Tromsø læreskoles hundreårsfest, sender Hålogalands lærere, skolens eldre og yngre elevar og venner sin ærbødige helsing ...».³ At ein i telegrammet helsa frå lærarane i Hålogaland, eit namn på

3 Statsarkivet i Tromsø, Tromsø læreskoles arkiv, Boks 58. Gratulasjonstelegram.

regionen som understreka den norsk-nasjonale arva, og ikkje det i samtida meir moderne og framtidretta omgrepet Nord-Norge, er på mange vis illustrerande. Ifølgje historikaren Einar Niemi, som har arbeidd med ambivalensen mellom desse to namna på landsdelen, var Hålogaland, med sin sus av norskdom, på defensiven i høve til det meir progressive Nord-Norge på 1920-talet.⁴

Om lærarskolen sjølv ikkje ønskte å trekke fram kva utdanningsinstitusjonen hadde betydd for landsdelen, var det andre utanfor institusjonen som la vekt på nettopp den dimensjonen i samband med feiringa. Avisa *Tromsø* kommenterte på leiarplass betydinga lærarskolen hadde hatt for utviklinga av landsdelen. Grunntonen i leiaren blei sett allereie i tittelen – «En lyskilde» –:

Nord-Norge hadde ikke vært hvad det er i dag uten den hundre-årige Tromsø lærerskole. ... Tromsø læreskole har vært det store kultursentrum, som har strålet varme utover hele landsdelen og fått det til å gro og vokse på alle livets områder.⁵

Liknande var å lese i *Tromsø Stiftstidene* og *Ofotens folkeblad*.⁶ Avisene var ikkje aleine om å legge vekt på kva lærarskolen hadde å seie for utviklinga i Nord-Norge. I meir lyriske vendingar finn ein det same i mange av dei telegramma som blei sendt frå lærarar rundt om i landsdelen. Josefine og Einar Nesje på Inndyr, Gildeskål i Nordland, uttrykte det slik: «Trofast du saade i Nordnorges jord, spirer seg raket langs fjeld og fjord, blomster i knop af skolen baaret til rik utfolding i hundreaaret».⁷ Kontrasten mellom kva som blei lagt vekt på i det offisielle programmet og korleis omverda, i form av avisene og lærarane i landsdelen, såg på lærarskolens oppgåve og funksjon, er påfallande og syner at det var ulike måtar å forstå samfunnsoppdraget på. Sjølv om det var ei spenning mellom ei nasjonal og regional tolkingsramme, var det ikkje nødvendigvis ein reell motsetnad mellom dei. Det er meir rett å sjå det som uttrykk for nasjonsbyggingsprosjekt som la vekt på litt ulike dimensjonar, og som eit uttrykk for at regionen – Nord-Norge – som politisk og kulturell eining blei opplevd som viktig i samtida.

4 Niemi 2001: s. 62

5 *Tromsø* 1/7 1926.

6 *Tromsø Stiftstidene* 3/7 1926 og *Ofotens folkeblad* 2/7 1926.

7 Statsarkivet i Tromsø, Tromsø læreskoles arkiv, Boks 58. Gratulasjonstelegram.

I fundasen frå 1826 var det å utdanne lærarar til skolen i Finnmark (og Troms), og da særleg samiskspråklege lærarar, ei hovudoppgåve. Rundt hundreårsskiftet var skolen, med rektor Qvigstad i spissen, den leiande og einerådande kunnskapsinstitusjonen i Norge på samisk og kvensk språk og kultur. Dette endra seg da ordninga med friplassane i kvensk (1904) og samisk (1906) blei lagt ned som følgje av den intensiverte fornorskingspolitikken. Sjølv om dei som bar kunnskapen i samisk og kvensk, som Qvigstad, blei verande ved lærarskolen, fekk bortfallet av dette samfunnsopdraget konsekvensar for skolen sin legitimitet og sjølvforståing. At denne dimensjonen ved skolen sitt virke ikkje blei lagt vekt på ved 100-årsjubileet, er påfallande, men ikkje overraskande med tanke på at fornorskingspresset var på sitt mest intense i mellomkrigsåra.

Ein ny høgborg, 125-årsjubileum

I 1951 var Tromsø lærerskole 125 år, men feiringa av jubileet blei utsett. Eit nytt skolebygg var under oppføring sør på Tromsøya, og ein venta med feiringa til den nye skolen kunne takast i bruk.

Og en bedre ramme om et jubileum kunne en ikke få: Skolen tok av seg sine gamle og velbrukte klær og iførte seg sin nye drakt som skal vare i sekler framover. På den ene siden kunne de se fram mot nye og bedre vilkår. På den annen side tilbake på en ærverdig og betydningsfull fortid.⁸

Det staselege murbygget på 1800 kvadratmeter, som da det blei innvigd var det nest største bygget i landsdelen, hadde alt vore brukt i samband med Riksmessa i juli same år. I løpet av dei tolv dagane varemessa varte, hadde 60 000 gjester vore innom, og det nye skolebygget hadde da fått stor merksemd i avisene. I starten av september 1952 var det endeleg klart for innviing av den

8 Helge Dahl et al. (1952) Red.: *Tromsø off. lærerskole – Jubileumsskrift*. Forord.

nye lærarskolen i Tromsø, og på same tid markering av jubileet for den eldste offentlege lærarutdanninga i Norge.⁹

Klokka ti laurdag 6. september stilte elevane ved øvingsskolen saman med lærarskolen sine elevar og lærarar opp utanfor «Seminaret», den store nedslitne trebygninga nord i Skippergata som hadde husa skolen sidan 1866. Før det hadde Alma Hernes, som hadde undervist ved lærarskolen i over 30 år, halde ein kort avskjedstale inne på skolen. Oppstilte på rekker og i giv akt var det først eit minutt trommekvervlar, så blei flagget firt « ... og så marsjerte skolens elever og lærere i sluttet tropp og under skolens faner den lange, våte veien sørover til sin nye arbeidsplass – Avskjeden med det gamle seminar var langt fra vemodspregt. Elever og lærere forlot det gamle mørke klosteret med lette hjerter.»¹⁰

Til musikk av Tromsø orkesterforenings janitsjarkorps marsjerte dei i samla tropp dei knappe tre kilometrane sørover øya til den nye lærarskolen. Igjen var det stram giv akt og trommekvervlar, så blei flagget som ein time tidlegare var firt utanfor Seminaret, heist utanfor den nye lærarskolen. Deretter song dei «Ja, vi elsker». Avis *Nordlys* skreiv: «Et tidskille var markert – vakert og verdig».¹¹

Inne på skolen heldt den offisielle innviinga fram. Lektor Arne Ytreberg innleidde med ein sjølvskriven prolog, så var det musikalske innslag ved Tromsø orkesterforening og elevkoret Klosterklokka. Leiar av byggekomiteen, ekspedisjonssjef i Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Einar Boyesen, trekte i si tale fram at ein ny skole svært lenge hadde vore ønskt, og at det allereie på slutten av 1930-åra var konkrete planar om eit nybygg. Krigen hadde sett stopp for planane, og da arbeidet blei teke opp att, svarte ikkje det prosjekterte bygget til krava som blei stilte til ein moderne lærarskole. Det førte til at ein måtte gå ein ny runde med arkitekten, og følgjeleg at realiseringa av skolen hadde teke noko lengre tid.¹² Kyrkje- og undervisningsminister Lars Moen, som stod for den offisielle overrekkinga av skolen, peika i si tale på at Tromsø lærarskole ikkje berre var landets eldste, det var òg den første lærarskole det offentlege bygde eige skolebygg til: Seminaret i Skippergata. Den nye lærarskolen var

9 *Lofotposten* 6/9 1952.

10 *Tromsø* 8/9 1952.

11 *Nordlys* 8/9 1952.

12 Boyesen 1952a.

ifølgje statsråden den første som var bygd av det offentlege sidan lærarskolen i Levanger i 1900. Altså var det heile 52 år sidan sist det var gjort eit slikt løft – eit løft som ifølgje Moen synta at styresmaktene satsa på skole og utdanning. Statsråden sette det inn i eit større perspektiv. Ein føresetnad for eit fungerande demokrati, og reelt folkestyre, var skole og utdanning:

Landet står i stor gjeld til de fremsynte kvinner og menn som i sin tid gjennom almue- og senere folkeskolen førte opplysning ut til folket og skapte grunnlaget for underklassens reisning og et virkelig folkestyre her i Norge. De norske lærerne og bak dem lærerskolene har sin ærefulle plass i sagaen om norsk folkereising.¹³

Sjølv om dei norske lærarskolane var eit resultat av felles tankegodt og historie, var det ifølgje Moen likevel noko særskilt med lærarskolen i Tromsø. For ikkje berre var han eldst, han «har hatt og har som sær oppgave å utdanne lærerkrefter for den minoritet i vårt folk som har sitt eget språk».¹⁴ Bakgrunnen for at Moen trekte fram lærarskolen sitt langvarige ansvar for utdanning av lærarar for samiskspråklege, var at regjeringa året før hadde vedteke at det igjen skulle undervisast i samisk ved skolen.¹⁵ Vedtaket, som kom 45 år etter at friplassordninga i samisk var avvikla og undervisninga i samisk var lagt ned, var eit ledd i den nyorienteringa av samepolitikken som fann stad i Norge frå slutten av 1940-talet. Det reelle omslaget i samepolitikken i skolen kom mange tiår seinare, først frå slutten av 1980-talet og utover.¹⁶

Rektor ved Tromsø Lærarskole, Jens Rydland, takka for det nye bygget lærarskolen hadde fått og understreka det store ansvaret som kvilte på lærarar og elevar som skulle ta i bruk «den beste lærarskulebygning i landet».¹⁷ Han avslutta med å trekkje linene framover og bakover: «For tredje gong har Tromsø lærarskule sett ned teltpålane sine. Måtte det tyda eit godt steg framover for denne skulen og for folkeopplæring og folkeoppseding i landet vårt. Gud signe vår gamle skule.»¹⁸

13 *Tromsø* 8/9 1952.

14 *Tromsø* 8/9 1952.

15 Dahl 1952: s. 37.

16 Sannhets- og forsoningskommisjonen (2023): s. 266–271, s. 310–312 og s. 442–448.

17 Rydland 1952: s. 133.

18 Rydland 1952: s. 134.

Feiringa var på ingen måte over. Byggekomiteen hadde invitert 48 utvalde gjester til lunsj på Grand hotell. Ei lang rekkje prominente gjester tok del i innviinga, både frå den nordnorske eliten og frå det offisielle Norge. På lunsjen deltok òg nokre utvalde lærarar og elevar ved lærarskolen, samt arkitekt, ingeniør, byggeleiinga og nokre utvalde bygningsarbeidarar.¹⁹ Til den offisielle innviings- og jubileumsfesten same kveld var 200–300 gjester inviterte. Der var alle elevane og lærarane ved lærarskolen, men òg dei prominente gjestene med statsråd Moen i spissen. Forfattaren Lars Berg, som tidlegare hadde vore elev ved lærarskolen, framførte ein prolog til ære for den da 99 år gamle rektor Qvigstad.²⁰ Så følgde ei rekkje talar og helsingar og innslag av ulik art, mellom anna utdeling av Kongens fortjenestemedalje til lektor Aasta Hansen. Til ære for den kulturelle innsatsen alle tidlegare elevar hadde lagt ned, song festlyden salmen *Å eg veit meg eit land* av Elias Blix, den tidlegare Tromsø-seminaristen som hadde vore professor i teologi og kyrkje- og undervisningsminister.²¹ Kvelden blei avslutta på lystig vis med opptak av statsråden og representantane frå departementet samt nye lærarar og elevar i den tradisjonsrike «Grautmonkenes ærverdige orden».²² Det heile vart avslutta søndag med høgmesse i Tromsø domkyrkje og til slutt innviing av lærarskolen sin nye øvingsskole.

Nokre månader seinare, oppunder jul 1952, kom *Tromsø off. lærerskole – Jubileumsskrift*.²³ Ifølgje hovudredaktør Helge Dahl var målet med jubileumsskriftet å gje «et utsyn over skolens historie og virksomhet, og dessuten snapshots fra innviinga av Nybygget».²⁴ Skriftet hadde to delar: Første del tok for seg skolen si historie gjennom 125 år og inneheldt mellom anna ein nyskriven artikkel om skolen si historie av Helge Dahl, nokre beretningar om skolen sitt virke dei seinaste tiåra, korte tekstar om dei ulike laga ved skolen og eit oversyn over alle som hadde vore elevar ved lærarskolen dei siste 25 åra. Den siste delen omhandla innviinga av den nye skolen, og her var nokre av talane trykt, i tillegg til helsingar og ein oversikt over folke- og framhaldsskolen si stilling i Nord-Norge.

19 *Tromsø* 8/9 1952.

20 Berg 1952.

21 *Lofotposten* 8/9 1952.

22 *Nordlys* 8/9 1952.

23 Dahl, Helge et al. (1952), Red.: *Tromsø off. lærerskole – Jubileumsskrift*.

24 Dahl et al. (1952). Forord.

Innviinga av lærarskolen og 125-årsjubileet fekk stor merksemd i avisene både lokalt og regionalt. *Nordlys* og *Tromsø*, men òg landsdelens største avis, *Lofotposten*, og ei rekkje andre aviser hadde fyldige reportasjar om innviinga.²⁵ Dei var samstemte om at det var ein stor dag, ikkje berre for skolen sine lærarar og elevar, men òg for landsdelen og for norsk lærarutdanning. *Harstad Tidende* samanfatta det heile slik i overskrifta: «Tromsø Lærerskole – landets flotteste – høytidelig innviet. En betydelig milepæl for Nord-Norge».²⁶ *Nordlys* hadde eit stort oppslag på førstesida der dei slo fast at «En ny kulturborg er vigslet».²⁷ Nord-Norge stod framfor ei ny tid. Skole og utdanning skulle bidra til økonomisk og kulturell vekst, og i dette hadde lærarskolen og dei kommande lærarane ei sentral rolle. Det kom tydeleg til uttrykk i leiaren i avisa *Nordlys* på dagen for innviinga:

Det er en like positiv som gledelig begivenhet – byen har fått en staselig kulturborg i sin midte. (...) at denne læreranstalten skulle komme her nord, den er en forløper for den grotid som står for døren i landsdelen. (...) Den ungdommen som får sin utdanning her er heldig, slike omgivelser gir ekstra inspirasjon og kraft til å fylle viktige stillinger i samfunnet. Det er et ønske at landsdelen får mest mulig nytte av den nye lærerskolen. Mangelen på fagutdannede lærere er ennå stor, særlig i Finnmark. (...) Men det er en lysning i sikte, gjenreisningen og nybyggingen av Statens skoleinternater er kommet i gang, (...) En ser den nye lærerskolen i Tromsø som et betydningsfullt ledd i arbeidet for å skape bedre skoleforhold, og det var et ønske at de nye lærerinnene og lærerne som den sender fra vil finne sine kall i Nord-Norge.²⁸

Markeringa hausten 1952 var ikkje utan parallellar til jubileet 25 år tidlegare, men tida var ei anna, og andre sider ved samfunnet, skolen og lærarane sitt virke blei løfta fram. Dei politisk og kulturelt polariserte, og økonomisk

25 *Lofotposten* 6/9 og 8/9 1952, *Nordlys* 4/9, 6/9, 8/9 og 16/9 1952, *Tromsø* 4/9, 6/9, 8/9 og 13/9 1952.

26 *Harstad Tidende* 8/9 1952.

27 *Nordlys* 8/9 1952.

28 *Nordlys* 6/9 1952.

vanskelege, mellomkrigsåra var for lengst forbi. Krigsåra, nedbrenninga og gjenreisinga hadde gjeve heilt andre typar erfaringar. Ved inngangen til 1950-talet var det optimisme og framtidstru som prega samfunnet. Gjennom felles løft skulle heile landet få ta del i velferdsgodane – det var berre mogleg om ein hadde gode og kvalifiserte lærarar.

Lærarskole i universitetsby, 150-årsjubileum

I 1976 kunne Tromsø Lærarskole igjen feire seg sjølv og den kunnskapstradisjonen han var ein del av. I storparten av desse 150 åra hadde skolen vore den fremste og viktigaste kunnskapsinstitusjonen i landsdelen. Slik var det ikkje lenger. I 1972, fire år etter vedtaket i Stortinget, blei Universitetet i Tromsø offisielt opna. Etableringa av universitetet var ifølgje Narve Fulsås dels regionalpolitisk motivert, «... for å *side stille* Nord-Noreg med landet elles, og som eit middel til å *utvikle* landsdelen utdanningsmessig, økonomisk, sosialt og kulturelt.»²⁹ Dels var det motivert universitetspolitisk, det vil seie å vere eit universitet som rekrutterte studentar frå heile landet, som kvalitativt var på høgde med dei tre andre norske universiteta, og som innan utvalde fagområde, der lokaliseringa i nord gav særskilde fortrinn, hadde spesialkompetanse. Å utdanne medisinarar som kunne bøte på legemangelen i landsdelen, blei sett på som ei hovudoppgåve, samstundes som det nye universitetet skulle vere eit breiddeuniversitet med eit breitt spekter av fag og utdanningar. Universitetet i Tromsø blei snart kjend som det raude universitetet i Norge. Dels som følgje av at delar av den faglege innretninga målbar ein tydeleg samfunnskritikk, men først og fremst fordi det raskt vaks fram ei radikal studentrørsle som målbar klare meiningar om korleis det nye universitetet skulle styrast og organiserast, og kva fagleg innretning det skulle ha. Universitetet, med sine studium, tilsette, studentar – og etter kvart ferdig utdanna legar, historikarar, filologar, samfunnsvitarar med meir – endra byen og landsdelen.³⁰

29 Fulsås 1993: s. 89.

30 Fulsås 1993: s. 131–163.

Lærarskolen og lærarutdanninga var òg i endring. I 1972 blei dei første elevane på førskolelærarutdanninga tekne opp ved Tromsø lærarskole og året etter blei ei ny lov om lærarutdanning vedteken av Stortinget. Lærarskolane blei i lova definerte som høgskolar, på line med distriktshøgskolane som var etablerte på slutten av 1960-talet og starten på 1970-talet. Lovteksten omtalte dei som tok lærarutdanning og førskolelærarutdanning som studentar, og ikkje elevar slik som tidlegare. Ved lærarskolen i Tromsø tok dei straks til seg at dei no var studentar og ikkje elevar. I 1981, seks år etter at den nye lova trådde i kraft, endra Tromsø lærarskole namn til *Tromsø Lærarhøgskole*.³¹

150-årsjubileet i 1976 følgde på fleire vis oppskrifta frå jubilea i 1926 og 1952. Men alt var ikkje som før. Universitetet i Tromsø var no den fremste nordnorske kunnskaps- og utdanningsinstitusjonen. Studentane ved lærarutdanninga hadde på 1970-talet ei heilt anna sjølvforståing enn tidlegare og tok òg langt meir plass enn ved dei tidlegare jubilea. At det hadde vakse fram ein ny studentkultur, kom til syne i avisa *Nordlys* dagen før sjølve jubileumsmarkeringa fann stad. Avisa hadde eit illustrert oppslag på førstesida med tittelen «Jubileumsfeiring med malurt». Klemt saman i ei trapp sat studentane Kari Fosby, Torstein Riber, Truls Nordby og Henrik Brørby saman med rektor John Skog og ekspedisjonssjef Enevald Skadsem og underdirektør Omholt frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Bakgrunnen var at talet på studentar og klassar hadde auka over tid og ført til mangel på undervisnings- og grupperom og lesesalplassar. Skolen var bygd for åtte klassar og 180 studentar, no var det 17 klassar og 468 studentar. Konsekvensen var at ein god del av undervisninga måtte gjennomførast på kveldstid. Studentane truga med streik og aksjonar om ikkje noko blei gjort. Rektor Skog støtta studentane: «Det er ikke alltid jeg er enig i studentenes protester. Men jeg kan forsikre KUD om at i denne saka står hele skolen samlet.»³² Til avisa uttalte ekspedisjonssjef Skadsem at departementet hadde forståing for plassmangelen. Rett nok kunne han ikkje love noko, men informerte om at departementet

31 Brekke 1999: s. 58. Søk i avisdatabasen til Nasjonalbiblioteket syner at institusjonen sjølv, det vil seie *Tromsø offentlige lærarskole*, tok i bruk namnet *Tromsø lærarskole* i 1973, og så, hausten 1981, tok i bruk *Tromsø Lærarhøgskole*. Tidspunkta namneendringane blei teken i bruk er nokre åre seinare enn det som går fram av ulike andre kjelder.

32 *Nordlys* 2/11 1976.

hadde kontakta Statens bygg- og eigedomsdirektorat om moglege løysingar på plassproblematikken.³³

Sjølve jubileet var lagt til hausten, på same vis som i 1952. Men i motsetnad til tidlegare var feiringa denne gongen lagt til ein kvardag, tysdag 2. november 1976. Det offisielle programmet hadde to delar: Først festforestilling for studentar, lærarar og inviterte gjester i Fokus kino, byens nye storsal med over 700 sitteplassar, og deretter var 150 gjester inviterte av Kyrkje- og undervisningsdepartementet til jubileumsmiddag på Grand hotell.

Til festforestillinga var det laga ei kantate med tekst av Gudmund Hovdenak og musikk av Eiliv Olsen. Kantaten blei framført av skolekora Klosterklokka og Oktetten saman med Tromsø byorkester og Sør-Tromsøya skolekorps.³⁴ Hovdenak sin tekst tok opp spenninga mellom å ta vare på arven og å gjere plass for ny kunnskap:

Tradisjon er ein god ting
fornyng er nødvendig
rota må ha feste
greinene fridom.³⁵

Festtalene blei haldne av rektor Skog og studentleiar Henrik Brørby. Rektor Skog trekte dei historiske linene tilbake til 1826, til korleis utdanninga vaks fram og etter kvart, da ho kom til Tromsø, fekk sitt innhald og si form. Blant dei tidlegare lærarane, seminaristane og elevane var det fleire som hadde vore med på å forme Norge kulturelt og politisk. Like viktig var dei mange lærarane som hadde hatt sitt liv og virke rundt om i Nord-Norge, først og fremst som lærarar og skolestyrarar, men òg som ordførarar og som sosiale og økonomiske entreprenørar i kommunane. At Tromsø lærarhøgskole representerte den lengste lærarskoletradisjonen i Norge var ifølgje Skog ein arv å vere stolt av. Lærarutdanninga var, som resten av samfunnet, i endring. For lærarutdanninga var det viktig, ifølgje Skog, å halde fast på det som var det berande ved læraryrket: Barnet og korleis barn lærer. Kjernen i lærarutdanninga var

33 *Nordlys* 2/11 1976.

34 *Tromsø* 3/11 1976.

35 Hovdenak 1976: s. 184.

å ruste dei kommande lærarane for møtet med ulike typar elevar, slik at dei kunne rettleie og gje kunnskap til alle.³⁶

Studentleiar Henrik Brørby peika i sin tale på at førsteinntrykket av skolen var at han, med si lange historie, representerte noko tungt og uforanderleg. Denne hausten hadde noko nytt skjedd: Tromsø lærarskole var blitt ein regional høgskole. Brørby ønska endringa velkomen, men understreka at det var viktig at lærarutdanninga var tru mot den yrkesmessige målsetjinga: Å gje studentane den faglege og pedagogiske ballasten dei trong for å kunne gå inn i læraryrket. Han avslutta med ei bøn til Kyrkje- og undervisningsdepartementet: Midlar til å byggje ut skolen.³⁷

I tillegg til dei to hovudtalarane var det helsingar frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet ved ekspedisjonssjef Enevald Skadsem og frå Universitetet i Tromsø ved rektor Olav Holt, som håpa på å utvikle samarbeidet mellom dei to institusjonane. Vidare var det helsingar frå skoledirektøren i Troms, frå fylkesskolesjefen, frå ordføraren i Tromsø og ei rekkje andre lag, foreiningar og institusjonar.³⁸ Begge Tromsø-avisene hadde brei dekning av festmøtet og festmiddagen. *Tromsø* oppsummerte det heile slik: «Festmøtet i forbindelse med Tromsø Lærerskoles 150 årsjubileum i Fokus i går ble helt igjennom vellykket. Hele den store salen var fullsatt. Det var stil og tyngde over programmet».³⁹

På same vis som ved dei tidlegare jubilea blei det òg denne gongen gjeve ut eit festskrift: *Tromsø Offentlige Lærerskole i 150 år, 1826–1976*.⁴⁰ Jubileumsheftet følgde same lest som heftet frå 1952. Først ein lengre del om skolen si historie frå 1826 og fram til 150-årsjubileet, skrive av professor Helge Dahl, som òg skreiv om historia i jubileumsheftet i 1952, og deretter følgde ein del kortare tekstar med minne frå tida på lærarskolen, om lag og foreiningar på skolen samt helsingar frå rektor Skog og andre. Med utgangspunkt i to av bidraga i jubileumsheftet laga NRK eit halvtimes radioprogram om landets eldste lærarskole. Programmet hadde tittelen «Hva solskinn er for det sorte muld ...» og inneheldt intervju med Helge Dahl og den tidlegare seminaris-

36 *Tromsø* 3/11 1976, *Nordlys* 3/11 1976.

37 *Tromsø* 3/11 1976, *Harstad Tidende* 5/11 1976.

38 *Nordlys* 3/11 1976.

39 *Tromsø* 3/11 1976.

40 *Tromsø Offentlige Lærerskole i 150 år, 1826–1976* Gudmund Hovdenak, Hilmar Jakobsen og Erling W. Nilsen, (1976). Red.: *Tromsø Offentlige Lærerskole i 150 år, 1826–1976*.

ten og læraren Anton Jakobsen frå Tromsdalen (fødd 1874 og uteksaminert 1894).⁴¹

150-årsmarkeringa i 1976 var storslått og stod på mange måtar ikkje tilbake for jubileet 25 og 50 år tidlegare. Også denne gongen var det festforestilling, festmiddag og jubileumsskrift. Samstundes var det fleire skilnader. Studentane, som alt er nemnde, hadde ei langt meir aktiv og synleg rolle enn tidlegare. Dette kom tydeleg fram under festforestillinga, der studentleiaren var ein av hovudtalarane, og ved at jubileet blei brukt til å fremje krav om utbygging av skolen. Ved dei tidlegare jubilea hadde kyrkja hatt ein sentral plass i programmet, men slik var det ikkje i 1976. At festgudstenesta fall bort, kan tolkast som eit uttrykk for sekulariseringa av samfunnet – ein prosess som hadde starta alt på 1800-talet da kyrkje og skole skilte lag. Også på andre område var det endringar. I samband med dei tidlegare jubilea hadde særleg omverda lagt stor vekt på kva skolen og lærarutdanninga hadde betydd for utviklinga av Norge og Nord-Norge. Ved jubileet i 1976 blei dette langt mindre vektlagt; no var fokuset først og fremst på innhaldet i lærarutdanninga og på korleis utdanninga førebudde studentane på læraryrket. Avisene skreiv om jubileet, men i motsetnad til tidlegare tok dei ikkje opp kva lærarutdanninga i Tromsø hadde betydd for byen, landsdelen og nasjonen. Og i motsetnad til dei tidlegare jubilea blei ikkje lærarutdanninga omtalt på leiarplass. Truleg var dette eit resultat av at Tromsø hadde fått sitt eige universitet, og at ein annan, større og breiare kunnskaps- og utdanningsinstitusjon hadde fått i oppgåve å utvikle landsdelen. At Universitetet i Tromsø hadde eit særskilt ansvar for å arbeide med problemstillingar som var relevante for landsdelen og aktivt skulle bidra til utviklinga av Nord-Norge, det som i samtida blei omtalt som *landelsrelevans* – låg som eit premiss frå starten og var djupt forankra blant tilsette og studentar ved universitetet.⁴² Etableringa av universitetet og arbeidsdelinga mellom institusjonane kan også forklare at den samiske dimensjonen ved lærarskolen sitt virke ikkje blei løfta fram. Tidlegare hadde ansvaret for samisk i lange periodar vore tillagt lærarutdanninga i Tromsø. Universitetet i Tromsø overtok ansvaret for samisk språk og kultur da det blei etablert.

41 *Finnmarksposten* 23/11 1976.

42 Fulsås 1993: s. 141–145.

Kakefesten, 175-års markering

7. februar 2001 inviterte *Avdeling for lærerutdanning ved Høgskolen i Tromsø* til kakefest i kantina på lærarhøgskolen på Mellomvegen. Det var på dagen 175 år sidan undervisninga ved Norges eldste lærerutdanning hadde teke til. For første gong skulle eit jubileum for utdanninga markerast som del av ein fusjonert og samanslått høgskole. Motstanden mot høgskolereforma og samanslåinga hadde vore massiv blant lærarar og studentar ved Tromsø lærarhøgskole, slik ho hadde vore ved svært mange av dei 98 statlege høgskolane som høgskolereforma omfatta.⁴³ I 1994 blei Tromsø lærerhøgskole, *Tromsø helsefaghøgskole*, *Tromsø maritime høgskole* og *Nordnorsk musikkonservatorium* slått saman til Høgskolen i Tromsø, og med det blei Tromsø lærerhøgskole til Avdeling for lærerutdanning.

To år tidlegare, i 1999, hadde Høgskolen i Tromsø ved Avdeling for lærerutdanning gjeve ut boka *Lærerutdanninga i Tromsø – Seminarium – lærerskole – høgskole*.⁴⁴ Jubileumboka følgde same mal som dei tidlegare jubileumsskriftene, det vil seie to delar der den eine omhandla institusjonen si historie og den andre var kortare tekstar om verksemda ved dei ulike fagmiljøa ved utdanninga. Tekstane var hovudsakleg retta mot det indre livet ved skolen og lærerutdanninga, og kva lærerutdanninga hadde betydd for samfunnet generelt og Nord-Norge spesielt blei i svært liten grad tematisert. Redaktør og initiativtakar til antologien var Marry Brekke. Ho var pedagog og arbeidde på den tida med ein doktorgrad om utdanningsinstitusjonen sin historie frå 1826 til 1940.⁴⁵ I forordet til jubileumboka skreiv Brekke at ho var «utgitt i forbindelse med markeringen av at det i 1998 var 150 år siden seminaret kom til Tromsø by» og presiserte at «Boken er ikke et jubileumsskrift i egentlig forstand. Jubileumsskriftet får vente til at lærerutdanningen ved høgskolen i Tromsø fyller 175 år i 2001.»⁴⁶ Noko eige jubileumsskrift i høve

43 Forfattern var student ved Tromsø Lærarhøgskole 1990–1993, sivilarbeidar på studentkontoret ved Lærarhøgskolen 1994–1995 og høgskolelektor i samfunnsfag på Avdeling for lærerutdanning 2004–2006.

44 Marry Brekke (1999) Red.: *Lærerutdanninga i Tromsø – Seminarium – lærerskole – høgskole*.

45 Brekke 2000.

46 Brekke 1999: s. 4.

175-årsmarkeringa blei ikkje gjeve ut, så i praksis blei boka også eit festskrift over jubileet i 2001.

Den uhøgtidelege kakefesten skulle vere starten på ei rekkje markeringar av jubileet ved Avdeling for lærarutdanning.⁴⁷ Markeringa i kantina den 7. februar var ei enkel intern markering for studentar, lærarar, tidlegare lærarar og den øvste leiinga ved Høgskolen. Avisa *Tromsø* omtala markeringa som ein «familiefest».⁴⁸ Det var talar av tidlegare rektor John Skog, Ulf Christensen, rektor ved Høgskolen i Tromsø, og Lars Aage Rotvold, dekan ved Avdeling for lærarutdanning. Christensen sa i si tale: «Dagens feiring er derfor mer enn en 175 års fødselsdag for vår lærarutdanning. Det er en kulturhistorisk markering for hele den nordnorske landsdelen.»⁴⁹ Ifølgje rektor Christensen var den planlagde offisielle feiringa av jubileet sett til seinare på vinteren, ein gong mellom 26. mars og 30. april, alt etter når Kyrke-, utdannings- og forskingsminister Trond Giske hadde høve til å delta på arrangementet. Statsråd Giske hadde allereie fått høyre kva Høgskolen i Tromsø og Avdeling for lærarutdanning ønskte seg i gåve: Ein tale om lærarutdanninga i framtida. Dekan Rotvold hadde klare meiningar om framtidas lærarutdanning: Mindre detaljstyring frå staten, større fagleg fridom for høgskolane og lengre og meir samanhengande praksisperiodar.⁵⁰

Den høgtidelege offisielle feiringa av 175-årsjubileet blei det aldri noko av. I staden blei det ein fin, men relativt enkel jubileumsmiddag i kantina for dei tilsette på avdelinga og rektoratet på høgskolen.

Jubileet i 2001 rann på mange vis ut i sanda. Kvifor det blei slik, er uvisst. Samtalar med fleire av dei som da jobba på lærarutdanninga og som var i avdelingsleiinga, har ikkje gjeve klare svar på kvifor det blei slik. Kanskje var årsaka at statsråd Giske ikkje hadde høve til å kome, eller kanskje var det manglande engasjement og interesse for jubileet i leiinga ved Høgskolen og blant dei tilsette på lærarutdanninga. At 175-årsjubileet ikkje blei markert på tilsvarende vis som dei føregåande jubilea, kan sjåast som eit uttrykk for den manglande sjølvtiliten lærarutdanninga i Tromsø hadde på eigne vegne rundt tusenårsskiftet. Den manglande sjølvtiliten hadde fleire årsaker. Det hadde utvilsamt betydning at Universitetet i Tromsø hadde etablert seg som

47 *Tromsø* 3/2 2001.

48 *Tromsø* 3/2 2001.

49 *Nordlys* 8/2 2001.

50 *Nordlys* 8/2 2001.

den leiande kunnskapsinstitusjonen i byen og landsdelen. For ein institusjon som ikkje hadde tradisjon for eller kraft til å drive fram eigen forskning av betydning, var det vanskeleg å finne sin plass i kunnskapshierarkiet. Ein annan faktor var høgskolereforma. Motstanden mot reforma hadde vore massiv ved lærarhøgskolen, og samanslåinga til Høgskolen i Tromsø blei opplevd som eit stort nederlag som tok mykje energi. Overgangen frå å vere ein sjølvstendig høgskole til å bli ei av fleire avdelingar ved den nye høgskolen, var eit tap av tradisjon, identitet og stoltheit som fekk konsekvensar for korleis ein forstod institusjonen si historie, sitt eige virke og lærarutdanninga sin plass i samfunnet. 175-årsjubileet i 2001 markerte slik eit botnpunkt for lærarutdanninga og lærarutdannarane i Tromsø.

Utover 2000-talet fann lærarutdanninga gradvis sin plass i kunnskapshierarkiet, og utdanninga styrka den faglege sjølvtiliten samstundes som forskings- og utviklingsarbeidet blei styrka. Særleg merkbart har det vore etter at Høgskolen i Tromsø og Universitetet i Tromsø i 2009 blei slått saman til ein institusjon. Det som hadde vore avdeling for lærarutdanning, blei i si heilskap del av *Institutt for pedagogikk ved Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning* (ILP). Fire år seinare blei også *Høgskolen i Finnmark*, og med det lærarutdanninga i Alta, fusjonert inn i det som da fekk namnet Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet. Ein av konsekvensane av fusjonen var at ILP hadde lærarutdanningar på ulike nivå både i Tromsø og i Alta, i tillegg til samlingsbaserte utdanningar rundt om i landsdelen. Utvikling og fornying av lærarutdanningane var på 2010-talet eit viktig satsingsområde for UiT, og universitetet gjekk med prorektor for utdanning Wenche Jakobsen i spissen for innføring av femårig lærarutdanning i Norge. Lærarutdanninga hadde sidan starten på 1990-talet vore fireårig, etter tidlegare å ha veksla mellom to-, tre- og fireårig. Innføringa av femårig grunnskolelærarutdanning på 2010-talet, som innebar at utdanninga blei eit integrert masterstudium, førte til at den akademiske kunnskapsdimensjonen ved utdanninga blei styrka. Dette blei forsterka av at lærarutdanninga blei spesialisert på alderstrinn, med eit utdanningsprogram for klassetrinn 1–7 og eit for klassetrinn 5–10. På same tid blei lektorutdanninga gjort om slik at også den blei eit integrert masterstudium, som ei lærarutdanning retta mot klassetrinn 8–13. Sjølv om disiplin faga framleis har ei sterk hand om lektorutdanninga, har den utvilsamt blitt meir lik dei andre lærarutdanningane. Parallelt med endringane i grunnskole- og lektorutdanninga skifta førskole-

lærarutdanninga namn til barnehagelærarutdanning, men i motsetnad til dei andre lærarutdanningane blei den vidareført som ei treårig bachelorutdanning.

Eit sterkt symbolsk uttrykk for at lærarutdanningane var ein integrert del av universitetet, var det nye ILP-bygget i hjartet av campus i Breivika. Da praktbygget blei teke i bruk under koronapandemien i 2020, hadde lærarutdanninga i Tromsø i nærare 60 år hatt tilhald på Lærarskolen sør på Tromsøya.

Utsyn mot 200-årsjubileet i 2026

I 2026 markerer UiT at det er 200 år sidan oppstarten av den offentlege lærarutdanninga i Norge. Jubileet er ikkje berre ei feiring av ein institusjon og ei utdanning, men også ei feiring av ein 200 år lang kunnskapstradisjon. Dette er ein tradisjon som har vore ein berebjelke for utviklinga av Norge som kunnskapssamfunn. For eit ungt universitet som UiT er denne historiske arven viktig, ikkje berre som ein del av institusjonen si historie, men også som ein del av identiteten til universitetet i dag. Det nye ILP-bygget på campus i Breivika er eit tydeleg vitne på den auka statusen lærarutdanningane har fått det siste tiåret, og den sterke posisjonen lærarutdanninga har ved UiT i dag. Koronapandemien førte til at festivitassen knytt til innviinga av ILP-bygget blei sterkt neddempa. 200-årsjubileet blir eit høve til òg å feire nybygget. Truleg vil jubileet i 2026 minne meir om 100-årsjubileet i 1926 og 125-årsjubileet 1952 enn dei seinare jubilea.

Lærarutdanninga har alltid balansert mellom ulike forventningar og oppdrag. På den eine sida har ho vore ein nasjonal institusjon med ansvar for å fremje norsk språk og kultur, særleg i ei tid prega av fornorskingspolitikk. På den andre sida har ho vore ein regional institusjon som har utdanna lærarar til å møte utfordringane i Nord-Norge. Denne spenninga mellom det nasjonale og det regionale har vore eit gjennomgåande tema i jubileumsfeiringane, og speglar samfunnsprosessane som har forma landsdelen.

Lærarutdanninga i Tromsø – og seinare Alta – har vore ein sentral aktør i utviklinga av Nord-Norge, både som kunnskapsinstitusjon og som samfunnsbyggjar. Frå dei første åra med fokus på å utdanne lærarar til samiskspråklege område, til dagens lærarutdanning, har institusjonen tilpassa seg skiftande

samfunnsbehov og politiske rammer. Jubileumsmarkeringane har ikkje berre vore høve til å feire institusjonen, men også til å reflektere over korleis lærarutdanninga har forstått sitt samfunnsoppdrag – og korleis omverda har sett på lærarane og lærarutdanninga. Slik er det òg ved dette jubileet.

To hundreårsjubileet for lærarutdanninga er ei påminning om den historiske arven som UiT og lærarutdanninga ber med seg, til dømes om forskingspolitikken, men også som ein pådrivar for å fremje kunnskap om kulturelt mangfald og forsoning. Historia til lærarutdanninga er ikkje berre ein del av UiT si fortid, men også ein ressurs for å forstå og forme framtida.

Litteratur og kjelder

- Barlindhaug, K. J. (1926). *Beretning om Tromsø offentlige lærerskole 1826–1926*.
- Berg, L. (1952). Prolog. I H. Dahl (Red.), *Tromsø off. lærerskole – Jubileumsskrift*.
- Boyesen, E. (1952). Nytid og Nybygg. I H. Dahl (Red.), *Tromsø off. lærerskole – Jubileumsskrift*.
- Brekke, M. (1999), (Red.). *Lærerutdanninga i Tromsø – Seminarium – lærerskole – høgskole*. Høgskolen i Tromsø avdeling for lærerutdanning.
- Brekke, M. (2000). *Lærerutdanning i Nord. Et historisk kasus gjennom tre tidsperioder* [Doktorgradsavhandling, Luleå Tekniska Universitet].
- Dahl, H. (1952). Tromsø læreskoles historie. I H. Dahl (Red.), *Tromsø off. lærerskole – Jubileumsskrift*.
- Dahl, H. (Red.) (1952). *Tromsø off. lærerskole – Jubileumsskrift*.
- Fulsås, N. (1993). *Universitetet i Tromsø 25 år*. Universitetet i Tromsø.
- Hovdenak, G. (1976). Prolog i G. Hovdenak, H. Jakobsen og E. W. Nilsen (Red.), *Tromsø Offentlige Lærerskole i 150 år, 1826–1976*. Tromsø.
- Hovdenak, G., Jakobsen, H. og Nilsen, E. W. (1976) (Red.). *Tromsø Offentlige Lærerskole i 150 år, 1826–1976*. Tromsø.
- Killengreen, J. (1876). *Beretningen om Tromsø Seminarium meddelt ved Seminarets halvhundreaarsfest den 7de februar 1876*.
- Nasjonalbiblioteket– avisdatabasen: *Tromsø, Nordlys, Harstad Tidende, Finnmarksposten, Tromsø Stiftstidene, Ofotens folkeblad, Lofotposten*.
- Niemi, E. (2001). Nordnorske regionale strategier. i T. Thuen (Red.), *Fortidsforståelser*. Høyskoleforlaget.
- Qvigstad, J. K. (1901). *Udsigt over Tromsø seminariums historie 1826–1901*.
- Rydland, J. (1952). Tromsø Lærarskule 1946–1952. I H. Dahl (Red.), *Tromsø off. lærerskole – Jubileumsskrift*.
- Sannhets- og forsoningskommisjonen. (2023). *Sannhet og forsoning – grunnlag for et oppgjør med fornorskingspolitikk og urett mot samer, kvener/norskfinner og skogfinner*. Stortinget, Dokument 19 (2022–2023).
- Statsarkivet i Tromsø, Tromsø læreskoles arkiv, Boks 58. Legg: 100-årsjubileet.

